



## Budsjett 2012

Stab og støtte  
Helse Førde HF

## INNHALD

<b>1</b>	<b>Samandrag</b> .....	<b>3</b>
<b>2</b>	<b>Status og omstilling</b> .....	<b>3</b>
<b>3</b>	<b>Økonomi</b> .....	<b>4</b>
	3.1 Budsjetteknisk.....	4
	3.2 Stab og støtte - samla .....	5
	3.3 Adm.dir. ....	7
	3.4 Stab og støtte VAD .....	8
	3.5 Fagavdeling .....	8
	3.6 HR-avdeling .....	9
	3.7 Økonomiavdeling.....	12
	3.8 Intern service.....	13
	3.9 Drift og eigedom .....	15
<b>4</b>	<b>Bemanningsplan</b> .....	<b>16</b>
<b>5</b>	<b>Budsjettprosess</b> .....	<b>16</b>

## 1.0 Samandrag

Føresetnadane for Stab og støtte sitt budsjett 2012 er klinikkane sine planar for drift i 2012, som mellom anna inkluderer endringane som følgje av Helse 2020. Den økonomiske situasjonen til helseføretaket set store krav til omstilling av drifta, med krav om lågare nettoforbruk av kostnader.

Innanfor Stab og støtte har det vore gjennomført ein prosess saman med alle leiarane, der alle inntekter og kostnader har vore vurdert og justert. Med bakgrunn i dette har ein kome fram til følgjande budsjettramme for 2012:

<b>Budsjettramme 2011 Stab og støtte</b>	
<b>Nettokostnader prognose 2011</b>	<b>379 265</b>
Prisendringar	21 333
Endringar i kostnadane som følgje av vedtak og hendingar i 2011	11 701
Nye tiltak	- 299
<b>Sum nettokostnader - behov for ramme 2012</b>	<b>412 000</b>

Nettokostnaden for Stab og Støtte aukar med 32,7 millionar kroner frå 2011 til 2012.

Den største auken har vi innanfor IKT kostnadane til Helse Vest IKT, som aukar med 8,3 millionar kroner. Frå 2012 vil det bli etablert lovpålagt bedriftshelseteneste, der ein tilsette lege, ergoterapeut og yrkeshygienikar. Fagavdelinga blir styrka med ei ny stilling som kreftkoordinator. Dette for betre å kunne følgje opp logistikken for kreft pasientar.

I byrjinga av 2012 vert det sett i gang eit forbettringsprosjekt i Stab og støtte. Eit av måla vert å redusere kostnadane som vert nytta på støtteapparatet i føretaket.

## 2.0 Status og omstilling

Frå januar 2012 blir det gjennomført ei omlegging mellom Intern service og Drift og eigedom. Avdelingane Forsyning, husøkonomi og portør (FHP) og Medisinsk teknisk avdeling (MTA) blir overført frå Intern service til Drift og eigedom. Dette for å samla dei reint driftstekniske avdelingane under ein leiar.

Som eit ledd i omstillinga på Nordfjordeid skal det frå januar 2012 være ein eigen administrasjonssjef, som har ansvaret for dei lokale stab og støtte funksjonane. Dette i tillegg til å være koordinator for dei omstillingane som pågår. Organisasjonskartet blir som følgjande:



### Forbettringsprosjekt Stab og støtte:

I den omfattande strategiprosessen som vart gjennomført i Helse Førde i 2009-2011 var det også tenkt gjennomført større innsparingar innan støttefunksjonar. Det endelege vedtaket i føretaksmøtet i Helse Førde medfører at strukturane i føretaket blir dei same som tidlegare, og at dei planlagde innsparingane i stor grad ikkje er mogelege å gjennomføre.

Samdata-rapporten indikerer at Helse Førde bruker ein høvesvis stor del av dei totale ressursane på støttefunksjonar. Når eksisterande strukturar skal oppretthaldast, parallelt med at delar av somatikken skal gjennomføre nedtak, kan dette inntrykket forsterke seg.

Med bakgrunn i dette, og ønskje om å fristille mest mogeleg av midlane til kjernefunksjonane i føretaket, så har viseadministrerande direktør initiert eit stort forbettringsprosjekt som skal gå gjennom

heile 2012. Mandatet er drøfta med dei tillitsvalde i føretaket, og er godkjent i styringsgruppa i Forbetringsprogrammet. I praksis vil dette bli arbeidet med budsjettet for 2013, samstundes som det skal søkjast å ta ut gevinstar undervegs i 2012.

### 3.0 Økonomi

#### 3.1 Budsjetteknisk

Budsjetteknisk	Budsjett 2011	Prognose 2011	Budsjett 2012	Endring B12-P11
400008 - Basisramme	- 1 155 664	- 1 156 164	- 1 209 636	- 53 472
400600 - Avskrivningar Bygning	64 000	62 050	63 000	950
400601 - Avskrivningar Med.teknisk utstyr	17 500	16 950	20 000	3 050
400602 - Avskrivningar IT-utstyr	3 000	1 900	2 000	100
400603 - Avskrivningar Driftsteknisk utstyr	13 000	10 700	12 000	1 300
410050 - Gjestepasientar somatikk HF	27 000	27 000	30 200	3 200
410052 - Gjestepasientar Rehabilitering	13 000	7 500	12 000	4 500
490000 - Renter på lån og bankinnskott	17 471	15 107	22 886	7 779
490001 - Andre finanskostnader og inntekter	650	9 950	550	- 9 400
<b>Sum Budsjetteknisk</b>	<b>- 1 000 043</b>	<b>- 1 005 007</b>	<b>- 1 047 000</b>	<b>- 41 993</b>

Tabellen syner at netto inntekt på budsjetteknisk område har auka med 41,993 mill. kroner frå 2011 til 2012. Endringa frå 2011 til 2012 kjem fram i følgjande tabell:

<b>Prisendring (tal i 1000 kroner)</b>	
Endring i rammefinansiering	- 53 472
<b>Sum</b>	<b>- 53 472</b>

<b>Naudsynt auke i kostnadane (tal i 1000 kroner)</b>	
Auke i gjestepasientkostnader	7 700
Auke i andre rentekostnader	100
Auke i finanskostnader	7 779
Auke i avskrivningar	5 400
Avsetning for tap i 2011	- 9 500
<b>Sum</b>	<b>11 479</b>

<b>Budsjettramme 2012</b>	
<b>Nettokostnader prognose 2011</b>	<b>- 1 005 007</b>
Sum prisendringar	- 53 472
Sum naudsynt auke i kostnadane	11 479
<b>Sum</b>	<b>- 1 047 000</b>

Budsjettet for somatiske gjestepasientar ligg på budsjetteknisk område med unntak av kostnader knytt til Feiring, som er plassert i Medisinsk klinikk. Auken på 7,7 mill. er knytt til både interne og eksterne gjestepasientar innanfor somatikk og rehabilitering.

Vi ventar renteauke i 2012, slik at det er naudsynt å ta høgde for høgare finanskostnader. I tillegg er det lagt til grunn auka låneopptak i 2012 som følgje av investeringsplanen for 2011, og framlegg til investeringsplan for 2012.

Avskrivningar er auka med 5,4 mill. som følgje av investeringsplanar for føretaket.

### 3.2 Stab og støtte - samla

Stab og støtte	Budsjett 2011	Prognose 2011	Budsjett 2012	Endring B12-P11
LN01 - Basisramme	- 106 100	- 106 100	- 108 400	- 2 300
LN071 - Øremerkede tilskudd Raskere Tilbake	- 498	- 536	- 536	
LN08 - Andre øremerkede tilskudd	- 881	- 1 370	- 1 650	- 280
LN09 - Andre driftsinntekter	- 20 029	- 20 377	- 23 397	- 3 020
Sals- og driftsinntekter	- 127 508	- 128 383	- 133 982	- 5 599
LN11 - Kjøp av offentlege helsetenester	1 780	1 790	1 790	
LN12 - Kjøp av private helsetenester	4 679	4 679	4 679	
LN13 - Varekost	20 576	20 676	21 087	411
LN14 - Innleid arbeidskraft		55		- 55
LN15 - Lønn til fast ansatte	170 576	173 928	184 454	10 526
LN16 - Overtid og ekstrahjelp	3 478	2 565	4 006	1 441
LN17 - Pensjonskostnad inkl arbeidsgjevaravgift	33 165	33 165	44 965	11 800
LN18 - Off tilskudd og ref oner vedr arbeidskraft	- 13 892	- 15 926	- 12 520	3 406
LN19 - Annen lønn	35 686	35 497	35 900	402
LN22 - Andre driftskostnader	253 215	251 301	261 676	10 375
Driftskostnader	509 263	507 731	546 036	38 306
LN25 - Finansinntekter	- 30	- 90	- 60	30
LN26 - Finanskostnader	2	7	6	- 1
Finans	- 28	- 83	- 54	29
<b>Sum Stab og støtte</b>	<b>381 727</b>	<b>379 265</b>	<b>412 000</b>	<b>32 735</b>

Tabellen viser at netto kostnader aukar frå driftsnivå 2011 på 379,2 mill. kr til 412 mill. kr i 2012, ein auke på 32,7 mill. kr. Inkludert i budsjettframlegget ligg nye tiltak, samt justering for berekna løns- og prisauke. Utgangspunktet er det driftsnivået, og dermed tenestetilbodet og kvaliteten på dei ulike klinikkane som Stab og Støtte skal vere ein støtte for, som klinikkane har lagt opp til for 2012.

Budsjett per avdeling innan Stab og støtte syner følgjande for 2012:

Stab og støtte pr avdeling	Budsjett 2011	Prognose 2011	Budsjett 2012	Endring B12-P11
0BA - I-SERVICE FELLES	872	862	1 110	248
0BC - FORSYNING, HUSØKONOMI OG PORTØR	59 085	59 165	61 020	1 855
0BE - SERVICESENTERET	58 269	57 846	60 940	3 094
0BF - MATFORSYNING	33 389	34 250	35 660	1 410
0BG - PASIENTHOTELL	6 006	6 018	6 850	832
0DJ - PASIENTREISER	2 456	3 415	6 630	3 215
0ED - MEDISINSK TEKNISK AVDELING	23 765	24 368	25 090	722
Sum Intern service	183 841	185 924	197 300	11 376
0CA - STAB OG STØTTE VAD	74 479	70 274	77 950	7 676
0CB - ADM DIR	11 088	10 563	12 160	1 597
0CC - FAGAVDELING	12 901	12 678	19 500	6 822
0CD - HR-AVDELING	28 100	28 231	33 040	4 809
0CF - ØKONOMIAVDELING	10 007	9 676	9 250	- 426
Sum Foretaksområdet	136 576	131 422	151 900	20 478
0BD - TEKNISK DRIFTS-AVDELING	52 010	53 274	54 650	1 376
0EA - DRIFT OG EIGEDOM	9 299	8 644	8 150	- 494
Sum Drift og eigedom	61 309	61 918	62 800	882
<b>Sum Stab og støtte</b>	<b>381 727</b>	<b>379 265</b>	<b>412 000</b>	<b>32 735</b>

I kapittel 3.3 – 3.9 er det gitt ei nærare forklaring til innsparingstiltak og justerte kostnader per avdeling innan Stab og støtte.

Auken på 32,7 millionar kroner kjem frå følgjande tiltak:

<b>Prisendring (tal i 1000 kroner)</b>	
Budsjettramme 2012	- 2 300
Lønsvekst 2012, 4%	7 462
Prisvekst kostnader 2012, 2%	5 118
Prisendring inntekter 2012, 3%	- 576
Korrigert pensjonskostnad 2012	11 630
<b>Sum prisendringar</b>	<b>21 333</b>

<b>Endringar i kostnadane som følgje av vedtak og hendingar i 2011</b>	
Auke IKT kostnader - Stab og støtte VAD	7 213
Pasientreiser - konsekvens omlegging somatikk Eid - Intern service	3 654
Heilårseffekt IKT rådgjevar - Stab og støtte VAD	370
Heilårseffekt stilling resepsjon - Stab og støtte VAD	240
Heilårseffekt stillingar - Utviklingsavdeling	658
Heilårseffekt Ass. fagdirektør - Fagavdeling	850
Ny stilling kreftkoordinator - Fagavdeling	630
Heilårseffekt stilling smittevern - Fagavdeling	481
Auke av Forskning - Fagavdeling	700
Heilårseffekt innsparing stillingar - Økonomiavdeling	- 180
Heilårseffekt innsparing stillingar - Drift og eigedom	- 546
Heilårseffekt innsparing stillingar - HR avdeling	- 195
Ny vaskeriavtale - Intern service	- 2 141
Ny innkjøpsavtale papirhandkle - Intern service	- 490
Pasientreiser, verknad av tiltak sett i verk 2011 - Intern service	- 1 000
Endra driftskostnader - Stab og støtte	756
Auka reinhald/vedl. kostnad FHP, mindre justeringar ellers - Intern service	300
Reduksjon leigeinntekt Pasienthotell pga omlegging drift sengepostane - Intern service	401
<b>Sum heilårsverknader</b>	<b>11 701</b>

<b>Nye tiltak (tal i 1000 kroner)</b>		<b>Risiko</b>
Omstrukturering Eid - innsparing Stab og støtte, halvårseffekt - Intern service	- 980	Middels
Reduksjon overtid EPJ - Fagavdeling	- 180	Låg
Innsparing 1 stilling Servicesenter psykiatri - Intern service	- 546	Låg
Reduksjon i bruk av konsulentteneste - Drift og eigedom	- 240	Låg
Reduksjon i strømkostnadar - Drift og eigedom	- 543	Låg
Etablering av lovpålagt Bedriftshelseteneste - HR avdeling	2 190	Låg
<b>Sum tiltak for omlegging i drifta</b>	<b>- 299</b>	

<b>Sum endring B12 - P11</b>	<b>32 735</b>
------------------------------	---------------

Auken i budsjettramme på 2,3 mill. er auka av ramme frå Helse Vest til Pasientreiser.

Korrigerte pensjonskostnader på 11,6 mill. kroner kjem frå ei teknisk omlegging av rekneskapsføring av kostnadane mellom klinikkane og budsjetteknisk område.

Ei nærare forklaring av auke i kostnadane p.g.a. av heilårseffektar, og nærare om innsparingstiltak blir gitt i avsnitta for kvar avdeling innan Stab og støtte.

### 3.3 Adm.dir.

Adm dir	Budsjett 2011	Prognose 2011	Budsjett 2012	Endring B12-P11
LN08 - Andre øremerkede tilskudd				
LN09 - Andre driftsinntekter	- 828	- 1 146	- 1 180	- 34
Sals- og driftsinntekter	- 828	- 1 146	- 1 180	- 34
LN13 - Varekost	10	10	10	
LN15 - Lønn til fast ansatte	5 496	5 017	6 362	1 345
LN16 - Overtid og ekstrahjelp	99		50	50
LN17 - Pensjonskostnad inkl arbeidsgjevaravgift	969	969	1 607	638
LN18 - Off tilskudd og ref oner vedr arbeidskraft	- 71	- 3	- 1	3
LN19 - Annen lønn	2 245	2 393	2 413	20
LN22 - Andre driftskostnader	3 167	3 323	2 899	- 424
Driftskostnader	11 915	11 709	13 340	1 631
<b>Sum Adm dir</b>	<b>11 088</b>	<b>10 563</b>	<b>12 160</b>	<b>1 597</b>

Adm dir pr seksjon	Budsjett 2011	Prognose 2011	Budsjett 2012	Endring B12-P11
0CB1 - ADM DIR / STYRET	5 272	5 703	5 686	- 17
0CB5 - UTVIKLINGS-AVDELING	4 009	2 989	4 478	1 489
0CG1 - KOMMUNIKASJONS-AVDELING	1 807	1 872	1 997	125
<b>Sum pr seksjon</b>	<b>11 088</b>	<b>10 563</b>	<b>12 160</b>	<b>1 597</b>

Adm. dir. området (inkl. styret) har eit budsjett framlegg med ein auke på 1,6 millionar i høve prognosen for 2011. Auken kjem på følgjande område.

<b>Budsjettramme 2012 (tal i 1000 kroner)</b>	
<b>Nettokostnader prognose 2011</b>	<b>10 563</b>
Lønsvekst 2012	263
Prisvekst kostnader 2012	16
Prisendring inntekter 2012	- 34
Korrigert pensjonskostnad 2012	638
Heilårsverknad/innsparing	714
<b>Sum nettokostnader - behov for ramme 2012</b>	<b>12 160</b>

I 2011 har stillinga som utviklingsdirektør vore vakant i nokre månadar. Ny direktør er tilsett, dette gir heilårsverknad i 2012. I tillegg er seniorrådgjevar tilsett i 2012, som også gir heilårseffekt. Adm dir. seksjonen er nedjustert med konsulenttenester som er nytta i 2011.

#### Utfordring 2012:

Helse Førde er inne i fleire større prosjekt/program, som er svært ressurskrevjande. Helse Førde 2020 og innføring av samhandlingsreforma er to av dei største. Utviklingsavdelinga har fått ansvaret for å styre både Helse Førde 2020 og innføringa av samhandlingsreforma

### 3.4 Stab og støtte VAD

Stab og støtte VAD	Budsjett 2011	Prognose 2011	Budsjett 2012	Endring B12-P11
LN08 - Andre øremerkede tilskudd		- 30	- 30	
LN09 - Andre driftsinntekter	- 239			
Sals- og driftsinntekter	- 239	- 30	- 30	
LN13 - Varekost	40	78	78	
LN15 - Lønn til fast ansatte	8 457	8 473	7 796	- 677
LN16 - Overtid og ekstrahjelp	81	93	93	
LN17 - Pensjonskostnad inkl arbeidsgjevaravgift	1 545	1 545	2 084	540
LN18 - Off tilskudd og ref oner vedr arbeidskraft	- 443	- 219	- 243	- 24
LN19 - Annen lønn	1 482	1 459	1 741	283
LN22 - Andre driftskostnader	63 556	58 876	66 430	7 554
Driftskostnader	74 718	70 304	77 980	7 676
<b>Sum VAD</b>	<b>74 479</b>	<b>70 274</b>	<b>77 950</b>	<b>7 676</b>

Stab og støtte VAD pr seksjon	Budsjett 2011	Prognose 2011	Budsjett 2012	Endring B12-P11
0CA0 - STAB OG STØTTE FELLES	5 580	1 927	3 272	1 345
0CC7 - SEKRETERIAT	8 641	9 142	6 463	- 2 680
0CE2 - IKT	60 258	59 205	68 215	9 010
<b>Sum pr seksjon</b>	<b>74 479</b>	<b>70 274</b>	<b>77 950</b>	<b>7 676</b>

Budsjettet innan viseadministrerende direktør sitt område har auke med 7,6 millionar i høve prognosen for 2011. Endringane er på følgjande område:

<b>Budsjettramme 2012 (tal i 1000 kroner)</b>	
<b>Nettokostnader prognose 2011</b>	<b>70 274</b>
Lønsvekst 2012	386
Prisvekst kostnader 2012	1 174
Prisendring inntekter 2012	
Korrigert pensjonskostnad 2012	1 001
Auke IKT kostnader, utover prisvekst 2% - Stab og støtte VAD	7 213
Heilårseffekt IKT rådgjevar - Stab og støtte VAD	370
Heilårseffekt stilling resepsjon Førdegården	240
Flytting av controller til VAD sin seksjon	400
Flytting av tilsette frå Sekretariat til Ekspedisjon og Fagsenter	- 3 346
Mindre justeringar -reserve	238
<b>Sum nettokostnader - behov for ramme 2012</b>	<b>77 950</b>

IKT kostnadane aukar med tilsaman 8,3 millionar kroner i 2012 (prisvekst på 1,1 mill. lagt inn). Auken er ein konsekvens av dei vedtekte endringar i IKT porteføljen. Dette gjeld mellom anna felles EPJ system, DIPS-BUP, taleggjenkjenning, taleradiologi, nettverkstenester og ny Windows plattform i 2012.

Helse Vest IKT legg fram sitt budsjett til styret den 09.12.11. I sitt framlegg er det estimert ein kostnad til Helse Førde på 67,4 millionar kroner (-varekjøp). Dette er 1,8 millionar høgare enn det som ligg i vårt budsjettframlegg. Erfaringsvis syner det seg at innføring av nye prosjekt tek noko lenger tid enn planlagt, og at vi derfor ikkje får dei årsverknadane som det er budsjettet med. Dette er ein risiko som Helse Førde tek i sitt budsjett.

I 2011 har ein omorganisert Sekretariatet. Tilsette som arbeider med scanning er flytt til Fagsenter for kliniske system (Fagavdeling) og budkontoret er flytt til ekspedisjonen (Intern service).

## Utfordringar 2012:

Den store kostnadsauken er også i 2012 knytt til IKT. Dette er ein trend som truleg også vil halde fram dei komande åra. Med ein slik vekst i kostnadane er det svært viktig at føretaket maktar å ta ut dei gevinstante er som er planlagt realiserte ved innføring av nye system og verktøy. Dette gjeld både økonomiske og kvalitative gevinstar. Dette arbeidet vil få eit auka fokus i 2012.

### 3.5 Fagavdeling

Fagavdeling	Budsjett 2011	Prognose 2011	Budsjett 2012	Endring B12-P11
LN08 - Andre øremerkede tilskudd	- 881	- 1 060	- 1 620	- 560
LN09 - Andre driftsinntekter	- 881	- 929	- 2 155	- 1 226
Sals- og driftsinntekter	- 1 762	- 1 989	- 3 775	- 1 786
LN13 - Varekost	32	334	602	268
LN14 - Innleid arbeidskraft		55		- 55
LN15 - Lønn til fast ansatte	8 959	8 271	13 375	5 105
LN16 - Overtid og ekstrahjelp	184	298	1 710	1 412
LN17 - Pensjonskostnad inkl arbeidsgjevaravgift	1 727	1 727	3 158	1 431
LN18 - Off tilskudd og ref oner vedr arbeidskraft	- 1 132	- 1 097	- 42	1 055
LN19 - Annen lønn	3 255	3 000	1 982	- 1 018
LN22 - Andre driftskostnader	1 638	2 074	2 484	410
Driftskostnader	14 663	14 662	23 270	8 608
LN26 - Finanskostnader		5	5	
Finans		5	5	
<b>Sum Fagavdeling</b>	<b>12 901</b>	<b>12 678</b>	<b>19 500</b>	<b>6 822</b>

Fagavdeling pr seksjon	Budsjett 2011	Prognose 2011	Budsjett 2012	Endring B12-P11
OCC1 - FAG	2 367	2 382	3 253	872
OCC4 - SENTER FOR KLINISKE FAGSYSTEM	5 304	5 710	10 034	4 324
OCC8 - FOU, SENTER FOR HELSEFORSKING	3 272	3 088	4 039	951
OCC9 - SMITTEVERN	1 959	1 498	2 174	676
<b>Sum pr seksjon</b>	<b>12 901</b>	<b>12 678</b>	<b>19 500</b>	<b>6 822</b>

Netto syner budsjettframlegget for Fagavdelinga ein auke på 6,8 millionar i høve prognosen for 2011. Endringane er på følgjande område:

<b>Budsjettramme 2012 (tal i 1000 kroner)</b>	
<b>Nettokostnader prognose 2011</b>	<b>12 678</b>
Lønsvekst 2012	485
Prisvekst kostnader 2012	37
Prisendring inntekter 2012	- 25
Korrigert pensjonskostnad 2012	816
Heilårseffekt Ass. fagdirektør - Fagavdeling	850
Ny stilling kreftkoordinator - Fagavdeling	630
Auke av Forskning - Fagavdeling	700
Heilårseffekt stillingar smittevern	481
Reduksjon overtid EPJ - Fagavdeling	- 180
Flytting av tilsette frå Sekretariat til Fagsenter for kliniske system	3 028
<b>Sum nettokostnader - behov for ramme 2012</b>	<b>19 500</b>

I løpet av 2011 har det vore vakanse i stilling som ass. Fagdirektør og stillingar innan smittevern. I 2012 er desse lagt inn med heilårskostnad.

Det er oppretta ei ny stilling som kreftkoordinator. Denne skal arbeide med koordinering av pasientlogistikken for kreftpasientar. Målet er at Helse Førde skal tilfredsstillе dei tidsfristar som er gitt for behandling.

Forskning er styrka med 300.000 til intern forskning og 400.000 til forskingskoordinator. Dette er i tråd med planlagt satsing på forskning innan Helse Førde.

I 2011 var det spesielt mykje overtid innan arbeidet med felles EPJ. Dette vil det ikkje bli i 2012. Innsparing på 180.000 kroner.

Scanningsenteret er i 2011 flytt frå Sekretariatet til Fagsenteret. Heilårseffekt av flytting av tilsette er lagt inn i budsjettet.

#### Utfordringar 2012:

Fagavdelinga har blitt mykje utvida i 2011 ved at scanningsenteret vart slege saman med Fagsenter for kliniske system. Dette gjev tilhøyrande hopp i lønnskostnader på budsjettet. Overføringa og tilhøyrande omorganisering har så langt vist seg å være velfungerande, også i høve til samhandling omkring mottak og kvalitetskontroll av tilvisingar.

På sikt vil ein forvente endå meir elektronisk arbeidsflyt i Helse Førde, og dermed eit potensiale for nedtak av ressursar til scanning. Men mengda som må manuelt scannast er framleis stor, slik at dette potensialet neppe vil kunne takast ut i nokon grad i 2012.

Fagsenteret vil ha mange utfordrande oppgåver og utviklingsoppgåver. Særleg er dette knytt til elektronisk samhandling og vidareutvikling av elektronisk arbeidsflyt, i tillegg til nye fagsystem og modular.

Heilt nytt blir koordinatorfunksjonen for pasientar med kreft ("20-dagarsregelen").

Smittevern og hygienebistand er etablert som eigen seksjon med einingsleiar. Ein har hygienejukepleiar i rekrutteringsstilling (vidareutdanning). Det manglar hygienejukepleiar ved NSH, og mest utfordrande er mangel på rådgjevande smittevernlege. Det vert arbeidd med å få på plass smittevernlege.

FoU kan vise til klar framgang i vitskapeleg produksjon, og greier seg også betre i konkurransen om eksterne forskingsmidlar. Forskingskoordinatorstillinga er føreslått auka frå 20% til 40% i 2012. Interne forskingsmidlar vert auka noko.

### 3.6 HR-avdeling

HR-avdeling	Budsjett 2011	Prognose 2011	Budsjett 2012	Endring B12-P11
LN09 - Andre driftsinntekter	- 103	- 81	- 786	- 705
Sals- og driftsinntekter	- 103	- 81	- 786	- 705
LN13 - Varekost	6	121	121	
LN15 - Lønn til fast ansatte	16 975	18 216	19 680	1 464
LN16 - Overtid og ekstrahjelp	428	201	221	20
LN17 - Pensjonskostnad inkl arbeidsgjevaravgift	3 081	3 081	4 794	1 713
LN18 - Off tilskudd og ref oner vedr arbeidskraft	- 1 783	- 2 633	- 807	1 825
LN19 - Annen lønn	7 032	6 774	7 199	425
LN22 - Andre driftskostnader	2 465	2 551	2 617	66
Driftskostnader	28 203	28 311	33 825	5 514
LN26 - Finanskostnader	1	1	1	
Finans	1	1	1	
<b>Sum HR-avdeling</b>	<b>28 100</b>	<b>28 231</b>	<b>33 040</b>	<b>4 809</b>

HR-avdeling pr seksjon	Budsjett 2011	Prognose 2011	Budsjett 2012	Endring B12-P11
0CD1 - HR-STAB	7 440	8 335	6 862	- 1 472
0CD2 - HMS	1 740	1 864	4 146	2 282
0CD3 - UNDERVISNING	2 382	1 243	2 218	975
0CD4 - TILLITSVALDE, VO	2 735	2 496	3 273	778
0CD7 - PERSONAL	4 255	4 741	5 142	401
0CD8 - LØNN	5 023	5 160	6 572	1 412
0CD9 - RESSURS	4 525	4 393	4 826	433
<b>Sum pr seksjon</b>	<b>28 100</b>	<b>28 231</b>	<b>33 040</b>	<b>4 809</b>

Netto syner budsjettframlegget for HR-avdelinga ein auke på 4,8 mill. kroner i høve prognosen for 2011. Endringane er nærare synt i tabellen under:

<b>Budsjettramme 2012 (tal i 1000 kroner)</b>	
<b>Nettokostnader prognose 2011</b>	<b>28 231</b>
Lønsvekst 2012	763
Prisvekst kostnader 2012	107
Korrigert pensjonskostnad 2012	1 944
Etablering av lovpålagt Bedriftshelseteneste - HR avdeling	2 190
Justering av heilårseffektar	- 195
<b>Sum nettokostnader - behov for ramme 2012</b>	<b>33 040</b>

HR avdelinga etablerer lovpålagt bedriftshelseteneste (BHT) frå 2012. Dette omfattar nye stillingar til lege, ergoterapeut og yrkeshygienikar. Dette i tillegg til ressursane som vi har innan HMS.

#### Utfordringar 2012:

HR står i 2012 ovanfor utfordringar knytt til omstillingsarbeid i Helse Førde. Basert på prosessar knytt til Helse Førde 2020, og innsparingar i B2012 i blant anna psykiatrien, vert det lagt opp til mange ulike prosessar som stiller krav til deltaking frå HR. Omstillingsarbeid vert vårt viktigaste arbeidsområde det neste året. Vi satsar på å klare dette innanfor budsjettert ramme. Samtidig medfører dette eit auke i frikjøp av tillitsvalde på til saman 1,1 årsverk i 2012 for at dei skal kunne delta i prosessane.

Som følgje av krav om lovpålagt bedriftshelseteneste vil vi i 2012 måtte tilsette i tre nye stillingar (lege, yrkeshygienikar og ergoterapeut) i til saman 200% årsverk.

### 3.7 Økonomiavdeling

Økonomiavdeling	Budsjett 2011	Prognose 2011	Budsjett 2012	Endring B12-P11
LN08 - Andre øremerkede tilskudd		- 280		280
Sals- og driftsinntekter		- 280		280
LN15 - Lønn til fast ansatte	6 408	6 548	5 660	- 888
LN17 - Pensjonskostnad inkl arbeidsgjevaravgift	1 459	1 459	1 500	41
LN18 - Off tilskudd og ref oner vedr arbeidskraft		- 64		64
LN19 - Annen lønn	936	905	810	- 95
LN22 - Andre driftskostnader	1 235	1 197	1 340	143
Driftskostnader	10 037	10 045	9 310	- 735
LN25 - Finansinntekter	- 30	- 90	- 60	30
Finans	- 30	- 90	- 60	30
<b>Sum Økonomiavdeling</b>	<b>10 007</b>	<b>9 675</b>	<b>9 250</b>	<b>- 425</b>

Økonomiavdeling pr seksjon	Budsjett 2011	Prognose 2011	Budsjett 2012	Endring B12-P11
0CF1 - ØKONOMI	5 587	5 596	4 970	- 626
0CF2 - REKNESKAP	4 420	4 080	4 280	201
<b>Sum pr seksjon</b>	<b>10 007</b>	<b>9 676</b>	<b>9 250</b>	<b>- 425</b>

Budsjettframlegget til Økonomiavdelinga syner ein netto reduksjon på 425.000 kroner i høve prognosen for 2011. Endringane kjem fram i følgjande tabell:

<b>Budsjettramme 2012 (tal i 1000 kroner)</b>	
<b>Nettokostnader prognose 2011</b>	<b>9 675</b>
Lønsvekst 2012	285
Korrigert pensjonskostnad 2012	29
Heilårsverknad personalkostnader	- 739
<b>Sum nettokostnader - behov for ramme 2012</b>	<b>9 250</b>

Arbeidet med innkjøpsavtalar og utarbeiding av kontraktar er eit svært omfattande arbeid. Med verknad frå 1. april 2012 har økonomiavdelinga auka med ein stilling som innkjøpar. Omorganisering i 2011 med overføring av ressursar frå økonomiavdelinga til linja bidreg til at avdelinga får netto reduserte kostnader på lønsområdet i 2012.

#### Utfordringar 2012:

Helse Førde står framfor ei tid med omstillingar, og i periodar kan det verte krevjande å prioritere dei viktigaste oppgåvene. Vi vurderer det slik at ny organisering med dedikerte ressursar i linja knytt til økonomistyring vil forbetre kvaliteten, og gjere det mogeleg for økonomiavdelinga å fokusere på dei viktigaste kontrollområda.

### 3.8 Intern service

Intern service	Budsjett 2011	Prognose 2011	Budsjett 2012	Endring B12-P11
LN01 - Basisramme	- 106 100	- 106 100	- 108 400	- 2 300
LN071 - Øremerkede tilskudd Raskere Tilbake	- 498	- 536	- 536	
LN09 - Andre driftsinntekter	- 17 060	- 16 908	- 17 923	- 1 016
Sals- og driftsinntekter	- 123 658	- 123 543	- 126 859	- 3 316
LN11 - Kjøp av offentlege helsetenester	1 780	1 780	1 780	
LN12 - Kjøp av private helsetenester	4 679	4 679	4 679	
LN13 - Varekost	18 952	18 093	18 208	114
LN15 - Lønn til fast ansatte	111 734	113 638	117 923	4 285
LN16 - Overtid og ekstrahjelp	2 523	1 717	1 675	- 41
LN17 - Pensjonskostnad inkl arbeidsgjevaravgift	21 956	21 956	28 641	6 685
LN18 - Off tilskudd og ref oner vedr arbeidskraft	- 8 344	- 9 523	- 9 035	488
LN19 - Annen lønn	18 810	19 113	19 824	710
LN22 - Andre driftskostnader	135 409	138 014	140 464	2 450
Driftskostnader	307 499	309 468	324 159	14 691
<b>Sum Intern service</b>	<b>183 841</b>	<b>185 924</b>	<b>197 300</b>	<b>11 376</b>

Intern service pr avdeling	Budsjett 2011	Prognose 2011	Budsjett 2012	Endring B12-P11
OBA - I-SERVICE	872	862	1 110	248
OBC - FORSYNING, HUSØKONOMI OG PORTØR	59 085	59 165	61 020	1 855
OBE - SERVICESENTERET	58 269	57 846	60 940	3 094
OBF - MATFORSYNING	33 389	34 250	35 660	1 410
OBG - PASIENTHOTELL	6 006	6 018	6 850	832
ODJ - PASIENTREISER	2 456	3 415	6 630	3 215
OED - MEDISINSK TEKNISK AVDELING	23 765	24 368	25 090	722
<b>Sum pr avdeling</b>	<b>183 841</b>	<b>185 924</b>	<b>197 300</b>	<b>11 376</b>

Budsjettframlegget til Intern service har ein netto auke på 11,3 millionar kroner i høve prognose for 2011. Endringane kjem fram i følgjande tabell:

<b>Budsjettramme 2012 (tal i 1000 kroner)</b>	
<b>Nettokostnader prognose 2011</b>	<b>185 924</b>
Budsjettramme 2012	- 2 300
Lønsvekst 2012	4 756
Prisvekst kostnader 2012	2 909
Prisendring inntekter 2012	- 478
Korrigert pensjonskostnad 2012	6 450
Auka reinhald/vedl. kostnad FHP, mindre justeringar ellers - Intern service	300
Red leigeinntekter Pasienthotell pga omlegging drift sengepostane - Intern service	401
Pasientreiser - konsekvens omlegging somatikk Eid - Intern service	3 654
Flytting av tilsette frå Sekreteriat til Ekspedisjon, og frå Servicesenter til Utviklingsavd	840
Omstrukturering Eid - innsparing Stab og støtte, halvårseffekt - Intern service	- 980
Ny vaskeriavtale - Intern service	- 2 141
Ny innkjøpsavtale papirhandkle - Intern service	- 490
Innsparing 1 stilling Servicesenter psykiatri - Intern service	- 546
Pasientreiser, verknad av tiltak sett i verk 2011 - Intern service	- 1 000
<b>Sum nettokostnader - behov for ramme 2012</b>	<b>197 300</b>

Som ein konsekvens av endra bruk av Pasienthotellet, for å få reduksjon i korridorpatientar, så får vi ein reduksjon i inntektene på eksterne brukarar av tenestene.

Omlegging av dei somatiske teneste på Nordfjordeid vil medføre auka transportkostnader. Det er gjennomført analyser som konkluderer med at vi kan få ekstra transportkostnader på 3,6 mill. kroner i 2012.

Som eit ledd i omlegginga av dei somatiske tenestene på Eid, så skal Intern service reduserast med 4 stillingar. Det er lagt inn halvårseffekt i 2012.

Det er nye avtalar innan kjøp av vaskeritenester og kjøp av papirhandkle. Innsparing 2012.

Innanfor Servicesenteret for psykiatri blir ei stilling halde vakant. Blir ledig etter naturleg avgang.

Pasientreiser har i 2011 arbeider tett med problemstillingane rundt pasientreiser. Mellom anna har dei besøkt alle kommunane i fylket og hatt møte med rekvirentane (legane). Det har vore sterk fokus på å få til samkøyring. Samla så ser vi at dette gir ei innsparing i 2012.

### Utfordringar 2012:

#### **Pasientreiser**

Det som vil verte utfordringa for pasientreiser kommande år er å vidareføre og forhandle fram gode transportavtaler med taxinæringa i Sogn og Fjordane. Elles vert det viktig å få etablert ein god plattform for dialog med primærhelsetenesta og spesialisthelsetenesta med omsyn til samkøyring og soneinnkalling. Framtidig organisering av Pasientreiser i Noreg vil og vere eit tema av arbeidsomfanget i 2012.

#### **Matforsyning**

For matforsyning vil hovudutfordringa i 2012 vere å sluttimplementere Prosjekt matforsyning, og realisere dei positive driftseffektane frå prosjektet. På bakgrunn av fleire kontaktar frå kommunar i Sogn og Fjordane ønskjer ein å gje meir informasjon om Prosjekt matforsyning til kommunar, noko vi håpar kan utvikle vidare samarbeid.

#### **Pasienthotell**

Her vil hovudutfordringa vere å få til rett type drift som kan gje lågare kostnad og god flyt for dei kliniske avdelingane, samtidig som pasientar og pårørande skal ha eit god og adekvat tilbod under behandlinga i Helse Førde. Pasienthotellet vil vere ein bidragsytar for å halde nede tal korridorpatientar og avlaste sengepostane.

#### **Servicesenter**

Få til gode rutinar og handtering av auka skrivetenesta knytt til dei medisinske endringane som kjem i 2012. Få til god samhandling og synergjar med mellom anna fagavdelinga og dei medisinske aktivitetane i HF. Vere ein positiv bidragsytar knytt til talegjenkjenning.

#### **TTH**

Gjennom føreståande organisasjonsendring vere ein aktiv medspelar i drift- og eigeidom Gjennom ny organisering av forsyningsavdelinga levere tenestar som tidligare har vore kjøpt frå andre.

#### **Medisinsk Teknisk Avdeling**

Vidareføre eit godt samspel med dei kliniske avdelingane som inneberer god service og rask oppfølging slik at det medisinsk tekniske utstyret fungerer optimalt for brukarane. Elles vere ein god bidragsytar i prosesser som angår kjøp av medisinsk teknisk utstyr.

#### **Generelt:**

Ha ekstra fokus på HMS-arbeid slik at sjukefråvær kan reduserast ned mot HF si målsetjing. Yte gode støttetjenestar og god service til dei kliniske avdelingane. Omstille og bidra i prosessar som gir betre utnytting av eigne ressursar

### 3.9 Drift og eigeedom

Drift og eigeedom	Budsjett 2011	Prognose 2011	Budsjett 2012	Endring B12-P11
LN09 - Andre driftsinntekter	- 918	- 1 313	- 1 352	- 39
Sals- og driftsinntekter	- 918	- 1 313	- 1 352	- 39
LN11 - Kjøp av offentlege helsetenester		10	10	
LN13 - Varekost	1 536	2 040	2 069	29
LN15 - Lønn til fast ansatte	12 548	13 765	13 657	- 108
LN16 - Overtid og ekstrahjelp	163	256	256	
LN17 - Pensjonskostnad inkl arbeidsgjevaravgift	2 428	2 428	3 181	752
LN18 - Off tilskudd og ref oner vedr arbeidskraft	- 2 118	- 2 388	- 2 392	- 5
LN19 - Annen lønn	1 925	1 854	1 930	77
LN22 - Andre driftskostnader	45 746	45 266	45 442	176
Driftskostnader	62 228	63 231	64 152	921
<b>Sum Drift og eigeedom</b>	<b>61 309</b>	<b>61 918</b>	<b>62 800</b>	<b>882</b>

Drift og Eigeedom pr seksjon	Budsjett 2011	Prognose 2011	Budsjett 2012	Endring B12-P11
0BD0 - TEKNISK DRIFTSAVDELING FELLES	549	882	900	18
0BD1 - TEKNISK DRIFT FSS,FSH,ISP	31 594	32 643	33 410	767
0BD2 - TEKNISK DRIFT NORDFJORD	9 375	9 185	9 340	155
0BD3 - TEKNISK DRIFT LÆRDAL	6 716	6 520	6 830	310
0BD4 - TEKNISK DRIFT TRONVIK	3 776	4 043	4 170	127
0EA1 - DRIFT OG EIGEDOM	9 299	8 644	8 150	- 494
<b>Sum pr seksjon</b>	<b>61 309</b>	<b>61 918</b>	<b>62 800</b>	<b>882</b>

Budsjettframlegget til Drift og eigeedom har ein auke på 0,8 millionar i høve prognosen for 2011. Auken kjem frå følgjande tiltak:

<b>Budsjettramme 2012 (tal i 1000 kroner)</b>	
<b>Nettokostnader prognose 2011</b>	<b>61 918</b>
Lønsvekst 2012	523
Prisvekst kostnader 2012	875
Prisendring inntekter 2012	- 39
Korrigert pensjonskostnad 2012	752
Nye servicekontrakter utstyr, mindre justering - Drift og eigeedom	100
Vakanse i stilling - Drift og eigeedom	- 80
Overlapping av stillingar i 2011, ikkje i 2012 - Drift og eigeedom	- 466
Reduksjon i bruk av konsulentteneste - Drift og eigeedom	- 240
Reduksjon i strømkostnader - Drift og eigeedom	- 543
<b>Sum nettokostnader - behov for ramme 2012</b>	<b>62 800</b>

Innan Drift og eigeedom er budsjettframlegget for 2012 stort sett ei vidareføring av nivået i 2011. Det er lagt inn ei innsparing på straumkostnader med 2,5%. I tillegg er konsulentforbruk noko redusert.

#### Utfordringar 2012:

Budsjettframlegget for Drift- og eigeedom er godt gjennomarbeid, der leiarar på alle nivå har hatt høve til å delteke i budsjettprosessen.

Den store usikkerheitsfaktoren i budsjettet er energikostnadane. Her har ein valt å redusere desse med kr 543.000,- for år 2012 i høve budsjettet for år 2011. Dette som fylgje av at sjukehuset på Eid no har fått installert ny varmpumpe, samt at det ikkje ser ut til å bli brukt så mykje kostnader på energi i år 2011 som budsjettet.

Det syner seg vanskeleg å rekruttere nye personar i ledige ingeniørrelaterte stillingar, då den private etterspurnaden etter slik kompetanse, for tida er god. Det vil kunne vert ei utfordring for Drift- og eigedom, å rekruttere personar med rett kompetanse til ledige ingeniørstillingar og leiarstillingar.

Elles, så har Drift- og eigedom både små og store prosjekt som skal gjennomførast i løpet av året. Dette gjeld både prosjekt på planleggingsstadiet og prosjekt i gjennomføringsfasen. Då det frå januar år 2012 vil vere eit par stillingar som står vakante ved Drift- og eigedom, kan det bli ei utfordring i år 2012 å få gjennomført alle prosjekta som er sett i gong, eller skal setjast i gong i løpet av nærmaste framtid. Dette kan løysast ved noko meir innleige av eksterne rådgjevarar for ein periode.

#### 4.0 Bemanningsplan

Måltal for netto månadsverk 2012

Det er i budsjettet for 2012 lagt opp til ein auke med 5,6 årsverk i høve snittet for 2011.

Stab og støtte - Netto månadsverk	nov.11	Snitt 11	Budsjett 2012	Diff B2012 - snitt 2011	Merknad
ADM DIR	8,0	7,3	8,0	0,7	Heilårsverknad stillingar flytt til Utviklingsavdelinga lagt inn
STAB OG STØTTE VAD	15,3	20,3	16,8	-3,5	Redusert i høve snitt pga flytting tilsette til Ekspedisjon og Fasenter. Ellers heilårsverknad IKT rådgjevar, resepsjonist
FAGAVDELING	26,1	19,2	29,3	10,1	Flytting av scanningsenter frå sekretariat, nye stillingar fagavdeling og heilårsverknadar tilsaman +3,2
HR-AVDELING	38,2	38,1	40,1	2,0	Auke pga BHT
ØKONOMIAVDELING	11,6	13,0	12,3	-0,7	justering i høve nov med heilårsfeffekt innkjøpar
INTERN SERVICE	277,7	277,8	274,8	-3,0	Red ein stilling servicesenter psyk, reduksjon 4 stillingar omstilling Eid, halvårseffekt
DRIFT OG EIGEDOM	31,2	31,0	31,0	0,0	
<b>Sum Stab og støtte</b>	<b>408,1</b>	<b>406,7</b>	<b>412,3</b>	<b>5,6</b>	

#### 5.0 Budsjettprosess

Budsjettprosessen i Stab og støtte, som i resten av føretaket, har for ein stor del vore knytt til strategiprosessen som starta opp i 2009. Føretaket har bevega seg vekk frå dei tradisjonelle budsjettprosessane med hektisk møteaktivitet kvar haust, til ein kontinuerleg og langsiktig prosess for å sikre best mogeleg ressursstyring. Tiltaka som slår inn for 2012 er i praksis dei same som vart lagt inn i langtidsbudsjettet som vart vedteke i juni. Strategiprosessen, inkludert arbeidet med omstillingane i Nordfjord, har hatt deltaking frå tillitsvalde og verneteneste.

Det same vil gjere seg gjeldande for budsjett for stab og støtte i 2013. I praksis vil dette arbeidet skje gjennom forbetningsprosjektet som startar opp over nyttår og som skal gå gjennom heile 2012. Tillitsvalde og verneteneste blir inviterte inn i dette arbeidet.

I tillegg til det som er nemnt ovanfor er det på sin plass å peike på møtepunkta i tabellen under.

Dialogmøte vedr. budsjett 2012		
Møtedato	Deltakarar	Tema
Okt-Nov	Budsjettmøte avdelingssjefar og seksjonsleiarar	Møter for å gjennomgå utfordringar, saldering osv.
14.11.2011	Drøftingsmøte Stab og støtte med tillitsvalde	Gjennomgang budsjettframlegg Stab og støtte
05.12.2011	AMU	Orientering budsjett 2012